

Oppdragsgivar: Ørsta kommune
Oppdragsnamn: Trafikktryggingstiltak ved Sæbø skule
Oppdragsnummer: 653014-01
Utarbeida av: Irene Dyrnes Rokstad
Oppdragsleder: Dag Jarle Aa
Dato: 26.05.2026
Tilgjengelegheit: Opent

Planinitiativ – Trafikktryggingstiltak ved Sæbø skule

Versjonslogg:

02	18.06.26	Supplering snøskred	IDR	HM
01	26.05.26	Planinitiativ til innsending	IDR	HM
VER.	DATO	BESKRIVELSE	AV	KS

På vegne av forslagsstillar Ørsta kommune sendast planinitiativ for Trafikktryggingstiltak ved Sæbø skule over til behandling. Vi ber om at det blir kalla inn til oppstartsmøte. Premissane for det vidare planarbeidet er omtalt under.

1. Formålet med planen

Formålet med planen er å legge til rette for tiltak for trygg skuleveg til Sæbø skule og barnehage. Det skal sikrast areal til etablering av sikker tilkomst for mjuke trafikantar, og ei oversiktleg trafikkavvikling for alle trafikantgrupper.

2. Planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet

Planområdet ligg på Sæbø i Ørsta kommune. Fylkesveg 655 Øyragata går gjennom Sæbø, og tilkomst til skulen skjer via denne og kommunalveg Skuleplassen. Kring skulen og barnehagen ligg idrettsanlegg, småhus og campingplass, og på austsida av fylkesvegen ligg hotell og sjukeheim mm. Lengre nord ligg skyssbåtkaia og ferjekai. Sjå oversiktskart på neste side.



Figur 1 Oversiktskart over funksjonar og vegsystem på Sæbø.

Foreslått avgrensning til planområde er vist i figur under. Fastsetting av plangrense vil bli diskutert på oppstartsmøte, men det vert foreslått å gå breitt ut for å sikre at ein får med tilstrekkeleg areal til veg og siktliner til planforslaget skal utformast. Hustadvegen og areal på sørsida av idrettsanlegget er tatt med dersom det kan bli aktuelt med sambruk av parkering på den eksisterande grusplassen. Til planforslaget ligg føre vil plangrensa bli redusert til å omfatte dei areala som er naudsynte for å gi



Figur 3 Foreslått plangrense til varsel om oppstart. Det er venta at plangrensa vil bli redusert til planforslaget liqq føre.

Det er ikkje venta verknader utanfor planområdet.

3. Planlagde bygg, anlegg og andre tiltak

Det planleggast for etablering av fortau, kryssing av fylkesveg og løysing for buss. Det er også aktuelt å flytte/endre på parkeringsplassar.

Hovudproblemstillingane er :

- Val av stoppestad for bussen
- Plassering av gangfelt over Øyragata
- Plassering og utstrekning av fortau – som avhenger av plassering av gangfelt

I forkant av varsel om oppstart er det gjort ei utgreiing av trafikktryggingstiltak, med vurdering av ulike alternativ for tilkomst til skulen, sjå vedlegg til planinitiativet. I notatet er også nærmare omtale av dagens situasjon. Det har blitt gjennomført eit dialogmøte med skulen og barnehagen for å hente inn meir informasjon om bruken av området og for å få innspel på dei vurderte alternativa. Dei har spelt inn ønskje om at bussen køyrer inn Skuleplassen og snur i snuplassen framfor at ein har eit stopp for bussen i Øyragata slik som i dag.



Figur 4 Flyfoto frå skuleområdet.

I samband med varsel av oppstart ønskjer kommunen å få inn fleire innspel før det konkluderast med kva alternativ ein veljar å fremme som planforslag. Når løysing er valt vil ein vite kva arealbeslaget blir på dei ulike eigedommane, og dermed omfang av grunnnerverv som må gjennomførast.

4. Utbyggingsvolum og byggehøgder

I utgangspunktet ikkje relevant ettersom det er snakk om samferdselsanlegg, så fall berre aktuelt om ein må oppdatere plankart og føresegnar for eigedomar som blir rørt av fortau eller andre vegtiltak. Då vil ein ta utgangspunkt i gjeldande planer.

5. Funksjonell og miljømessig kvalitet


Tiltaket skal gi auka funksjonell kvalitet ved å etablere eit samanhengande og trafiksikkert gangareal, tydeleg kryssingspunkt og beste løysing for plassering av busstopp. Dette skal bidra til betre framkome, auka tryggleik og tilgjenge for alle trafikantgrupper.

Tiltaket skal gi betre miljømessig kvalitet gjennom tryggare forhold for gåande og kollektivreisande og meir oversiktleg trafikkavvikling. Inngrep i terreng og grøntområde er små, men plassering av fortau vil berøre private hagar/hekkar.

6. Tiltaket sin verknader på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader

6.1. Landskap

Sæbø er ein del av det utvalte kulturlandskapet for Hjørundfjorden og Norangsdaalen, som er representativ for fjord- og dallandskapa på Sunnmøre. Mykje av historia er knytt til naturen og naturkreftene. Det er ikkje venta at tiltaket vil ha verknader på landskapet.



Figur 5 Utvalgt kulturlandskap - Hjørundfjorden og Norangsdaalen


6.2. Naturverdiar

I naturbase er det registrert fuglene stær (nær truet), fiskemåke (sårbar) og tjeld (nær truet) i nærleiken. Tiltaket er ikkje venta å gje verknader for desse.

Heile Sæbø er registrert som Elvedelta (skravert). Bondalselva er eit verna vassdrag, med bestand av laks og sjøaure. Utløpet ved Bondalselva er registrert naturtype Brakkvannsdelta med viktig verdi (gult område i kartet). Dette er også lite relevant for tiltaket.

Langs Bondalsvegen er det registrert framande artar – parkslirekne og buskhyll (blå prikkar i kartet).

Tiltaket vil røre ved allereie utbygde områder, og det er ikkje venta verknadar for naturmangfaldet.




Figur 6 Utsnitt frå registreringar i naturbase.

6.3. Kulturmiljø

Hjørundfjorden er registrert som Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Det er ikkje angitt noko vernestatus. Det er elles registrert nokre få SEFRAK-bygg i nærleiken av skulen. Elles ingen registrerte kulturminne kring planområdet.

6.4. Friluftsliv

Bondalselva er kartlagt som svært viktig friluftslivsområde. Elles ingen fleire registreringar i nærleiken. Det er ikkje registrert tur- og friluftsruter eller statleg sikra friluftslivsområder.



Figur 7 SEFRAK-bygningar vist med gul trekant.


7. Forhold til kommuneplan, eventuelle gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og pågåande planarbeid

Gjeldande kommuneplan blei vedteken i 1991, som viser til at Sæbø er byggeområde med godkjent reguleringsplan. Gjeldande *reguleringsplan for Sæbø sentrum* blei vedteken 22.04.1975. Gjeldande plan i området har regulert fortau på sørside av Skuleplassen med to meters bredde. Køyrevegen i Skuleplassen er regulert med seks meters bredde.

Det er regulert samanhengande fortau på begge sider av Øyragata (fylkesvegen) fram til ferjekaia i nord gjennom reguleringsplan for *Mindre endring - Sæbø-sentrum - Deler av Sæbø sentrum* som blei vedteken 16.06.1997 og *Detaljreguleringsplan for Sæbø brygge* som blei vedteken 08.09.2016.

Elles er området regulert til barne- og ungdomsskule, idrettsområde, campingplass og frittliggjande småhus.

Hovudtrekka i arealbruken i reguleringsplanane er i tråd med dagens bruk, men det er likevel mykje frå reguleringsplanane som ikkje er realisert når det kjem til vegsystem, og det er bygd andre løysingar. Det blei lagt ei rekke premissar frå bygginga av ny skule i 2023 med plassering av funksjonar, inngangar, parkering, snuplass, med meir som ein må bygge vidare på i arbeidet med trafikktryggingstiltaka.



Figur 8 Gjeldande reguleringsplaner

8. Vesentlege interesser som blir rørt av planinitiativet

- Barn og unges interesser: Trygg skuleveg og ferdsel i nærområdet.
- Vegeigar: Ettersom tiltaket rører ved fylkesveg blir det lagt opp til god dialog med fylkeskommunen undervegs.
- Rørte grunneigarar og naboar: Det vil vere viktig med god dialog med rørte partar, og særleg dei som får planlagt tiltak på eigedomen sin. Desse vil bli kontakta direkte ved oppstart for dialog om tiltaka og prosessen.

9. Korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit

Det blir utarbeidd ei ROS-analyse i forbindelse med planprosessen. Sjekkliste for ROS er utfylt til planoppstart, basert på DSB sin rettleiar.

	UØNSKEDE HENDELSER	AKTUELL?	
		Ja - vurderast vidare	Nei (grunngevast her)
Natur-hendingar	Ekstremvær		
	Storm og orkan	Nei	Ikkje spesielt utsett område
	Lyn- og tordenver	Nei	Ikkje spesielt utsett område
	Flaum		
	Flaum i sjø og vassdrag	Nei	Planområdet ligg delvis innanfor faresone for 200-årsflaum. Terrenget i området er flatt. Med bakgrunn i at tiltaket er mindre endringar på eksisterande samferdselsanlegg vurderast det at flaumfare ikkje er relevant for tiltaket, og at endringane av veganlegga i området ikkje vil forverre flaumsituasjonen i området. Faresone blir innarbeidd i naudsynt omfang.
	Urban flaum/overvatn	Nei	Blir teken omsyn til ved prosjektering. Ikkje kritisk for tiltaket.
	Stormflo	Nei	Plana gjeld mindre endringar av eksisterande samferdselsanlegg. Ikkje relevant med bakgrunn i tiltakets art.
	Skred		
	Skred (kvikkleire, jord, stein, fjell, snø)	Nei	Det blei gjort ei områdeutgreiing av kvikkleireskred i 2021 av ERA Geo, og tryggleik mot kvikkleireskred er teken i vare. Det blei også gjort skredfarekartlegging i 2015 (skred i

			bratt terreng), jf. rapport 23/2015 frå NVE. Delar av planområdet er innanfor faresone for snøskred med sannsyn 1/1000 og 1/5000. Dette er ikkje kritisk for tiltaket. Delar av området er innanfor faresone for tsunami eller oppdemning med sannsynlighet < 1/5000, og er såleis ikkje relevant for tiltaket jf. tryggleiksklasse. Ligg ikkje innanfor aktsområde for jord- og flaumskred eller steinsprang.
	Skog- og lyngbrann		
	Skogbrann	Nei	Ikkje relevant for planområdet.
	Lyngbrann	Nei	Ikkje relevant for planområdet.
Andre uønska hendingar	Transport		
	Større ulykker (veg, bane, luft, sjø)	Nei	Ikkje utsett område.
	Næringsverksemd/industri		
	Utslepp av farlege stoffar	Nei	Det ligg ikkje industri i nærleiken av planområdet.
	Akutt forureining	Nei	Det er ikkje registrert forureina grunn i området.
	Brann, eksplosjon i industri (tankanlegg, oljeterminal, LNG-anlegg, raffineri)	Nei	Det ligg ikkje industri i nærleiken av planområdet.
	Brann		
	Brann i transportmiddel (veg, bane, luft, sjø)	Nei	Ikkje større risiko her enn i andre områder.
	Brann i bygningar og anlegg (sjukehus, sjukeheim, skule, barnehage, idrettshaller/tribuneanlegg, asylmottak, fengsel/arrest, hotell, store arbeidsplassar, verneverdig/freda kulturminne)	Nei	Ikkje aktuelt med bakgrunn i tiltaket.
	Eksplosjon		
	Eksplosjon i industriverksemd	Nei	Ikkje relevant for planområdet
	Eksplosjon i tankanlegg	Nei	Som over
	Eksplosjon i fyrverkeri- eller eksplosivlager	Nei	Som over
	Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		
	Dambrudd	Nei	Ikkje relevant
	Distribusjon av forureina drikkevatt	Nei	Ikkje relevant
	Bortfall av energiforsyning	Nei	Ikkje relevant
	Bortfall av telekom/IKT	Nei	Se over
	Svikt i vassforsyning	Nei	Se over
	Svikt i avløpshandtering/ overvasshandtering	Nei	Se over
	Svikt i framkome for personar og varer	Nei	Det er god tilkomst til området frå fylkesveg. Ikkje relevant.
	Svikt i nød- og redningsteneste	Nei	Ikkje relevant

10. Rørte offentlege organ og andre interesserte som skal bli varsla om planoppstart

Ørsta kommune si liste over offentlege høyringsinstansar og liste over rørte grunneigarar blir brukt.

Forslag til liste:

- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommunen
- Statens vegvesen
- NVE
- Barnas representant
- Grunneigarar
- Naboar
- Idrettslaget
- Busselskapet
- Ungdomsrådet
- Trygg trafikk

11. Prosessar for samarbeid og medverknad frå aktuelle fagmyndigheiter, grunneigarar, festere, naboar og andre

Det har vore dialogmøte med skulen og barnehage i forkant av planinitiativet som omtalt over.

Det har også på tidlegare tidspunkt vore utført synfaring og møter med fylkeskommunen og busselskapet. Det leggst opp til vidare dialog med desse etter varslingsom oppstart. Naboar som kan bli rørt av nytt fortau vil bli kontakta før det vert sendt ut varslingsom oppstart.

Det vert oppfordra til å ta kontakt med prosjektleiar i kommunen om ein ønskjer meir informasjon om prosjektet, eller om ein har spørsmål til tiltaket og planprosessen.

12. Vurdering av om planen omfattar forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli ivaretatt

Det er gjort ein gjennomgang av Forskrift om konsekvensvurderingar, og det er ikkje funne at planarbeidet medfører krav om konsekvensutgreiing. Det er ikkje funne at

planarbeidet kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn etter §10, eller fell inn under vedlegg 1 eller 2 av forskrifta. Det er heller ikkje oppdaga særskilte tema eller konflikthar som utløyser krav til konsekvensutredning.

Vedlegg:

- Notat- Trafikktryggingstiltak ved Sæbø skule, Asplan Viak 06.05.26